

## 5. Vedtak gjennom året samt tidligere års økonomiplan pr. avd./sektor

I oversynet i førre kapittel er det teke omsyn til nye tiltak som er budsjettert gjennom året. Nokre av desse tiltaka har ført med seg konsekvensar berre for ein del av budsjettåret. I 2013 vil tiltaka få heilårsverknad.

Nokre av tiltaka er også nemnd spesielt i handlingsprogramma for avdelingane.

Vidare er det gjort ein del vedtak som

Blant desse tiltaka må nemnast:

- [K-sak 9/2012 – «Barnas verdensdager 2012»](#). Denne skal vurderast i samanheng med økonomiplanarbeidet for 2013 – 2016 og blir truleg teke opp av avdelinga sjølv.
- [K-sak 11/2012 - Retningsliner – bruk av næringsfondet](#) – årleg tildeling 800.000 (dekka av fond/konsesjonsavgifter)
- [K-sak 32/12 – Bildeplatelesar](#) føreset innsparingar på materiell og ein må rekne med at dette blir teke omsyn til å budsjettet for helse
- [K-sak 37/12 gjeld «Kompetanse for kvalitet, etter og vidareutdanning 2012 – 2015»](#). I vedtaket blir det orientert om at ordninga må takast opp att i budsjett 2013 og økonomiplan 2013 – 16. Oppgitt utgift for 2013 er 65.000 og årleg utgift 2014 – 2016 er 156.000.
- [K-sak 48/12 – legger til rette for samarbeid mellom NAV-tenestene i Gol og Hemsedal](#) . Dette inneberer auka utgifter mot refusjon frå Hemsedal – kommunalt tilsette. Det vil også føre med seg noko endra husleigeinntekter frå NAV Buskerud.
- [K-sak 50/12 – «auka ressursar i tenestene til personar med utviklingshemning»](#). Det vart i saka gjort vedtak om at ein oppretta ei ny stilling som områdeleiar og 9 nye årsverk for miljøterapeut/miljøarbeidar. For 2012 vart dette finansiert ved forventa auka inntekter til ressurskrevjande tenester. Stillingane er heimla og er med i lønsgrunnlaget for budsjett 2013, sjølv om det står at tiltaket skal vurderast i økonomiplanarbeidet. Netto kostnad for kommunen er rekna til 2,55 mill. NOK.
- [K-sak 55/12 – nye tenester heimetenesten](#). Det vart i saka vedteke å opprette 2,7 stilling knytta til miljøarbeid. Netto utgift er rekna til om lag 1,25 mill. NOK på vedtakstidspunktet.
- [K-sak 65/12 – leirskule](#) vart lagt inn att i ramme etter å ha vore vekke både i 2011 og 2012. Det har politisk vore semje om leirskulen og den ligg no inne i ramma.
- [K-sak 65/12 – betalt halv spisepause for assistentar – Gol skule](#). Denne er avtalefesta og må inn i ramma.